

19.05.2025

Kjetil Meling Bjørnevoll

kjetil.bjornevoll@bergen.kommune.no

Musikkfaget i skulen har blitt mindre dei siste åra, eine og aleine fordi dei aller fleste har gått frå 45 min til 60 min undervisningsøkter. På papiret ser det ut til at faget er like stort, med sine 0,75t i veka, men i praksis har denne endringa ført til at dei ikkje har musikk om lag 10 veker i året. I eit fag som i utgangspunktet er eit lite fag (det minste) har det mykje å sei at ein mister kontinuiteten i faget med slike opphold. Eg slår eit slag for at eit av ei få praktiske faga i skulen skal få litt større plass. Med mange års erfaring er dette eit av dei faga der dei aller fleste kan finna noko å meistre.